



VANG KOMMUNE

Retningslinjer for kulturmidlar i Vang kommune.

Idrettsstipend i Vang

1. Dette er for ungdom i Vang frå det året dei fyller 16 år til dei er 25 år.
2. Søkjarane må tevle/delta i konkurransar på nasjonalt eller internasjonalt nivå.
Eksempel på konkurransar som er innafør retningslinene:

Nasjonale meisterskap innan sin idrett.
For eksempel: Landsrenn i ski/skiskyting.
For fotball gjeld: Interkretsserie i fotball og kretsleg.

Tilskotsordninga for istandsetting av gamle hus har følgjande reglar

- Tilskot skal til vanleg gå til arbeid som ikkje er igangsett eller fullført
- Huset bør vere bygd før år 1900
- Huset kan til vanleg berre bli tildelt tilskot ein gong
- Istandsettingsarbeidet må bli gjort etter antikvariske prinsipp. D.v.s. at ein skal ta vare på antikvarisk verdifulle delar av huset . Når noko må skiftast ut så skal ein kopiere det gamle så nøyaktig som mogleg.
- Istandsettingsarbeidet skal sikre huset mot vidare forfall.

Reglar for utbetaling av tilskot:

- Tilskot blir utbetalt så snart ein kan dokumentere utgifter til istandsettingsarbeidet på det dobbelte av stønadssummen.
- Eigeninnsats kan reknast som utlegg til dette arbeidet
- Kultursjefen kan foreta synfaring før tilskotet blir utbetalt
- Krav om utbetaling av tilskot må bli lagt fram før 1. november i det året tilskot blir tildelt.

Når det gjeld tilskotsordninga for **forskjøning-/trivselstiltak** så skal tiltak i grendesentra og fellesområde prioriterast. Reglane for utbetaling blir som for tilskotsordninga for gamle hus.

Kulturmidlar til diverse lokale og regionale lag

Retningslinjer for tildeling av stønad:

Aktivitetsnivå, planlagde tiltak, aktivitetar og arrangement i søknadsåret.

Dette må ligge ved i søknaden: Revidert rekneskap for siste arbeidsår, (frå årsmøte til årsmøte), budsjett for søknadsåret og årsmelding for siste arbeidsår.

Kulturmidlar til lag i Vang musikkråd og Vang idrettsråd

Vang idrettsråd og Vang musikkråd innstiller til fordeling av desse kulturmidlane på grunnlag av tildelt ramme. Dette er i tråd med NIF sin Idrettsrådbrosjyre 2012 (sitat): *Idrettsrådet er involvert og deltar i prioritering av kommunale midler og tilskuddsordningar til idretten.*

Elles gjeld dei same retningslinjer som for diverse lokale og regionale lag. Sjå ovanfor.

Vang kommune

Postadresse : Tynvegen 5161 2975 Vang i Valdres Tlf : 61 36 94 23 :
Foretaks nr. : 961 382 246 Fax : 61 36 85 01 e-post : kulturskolen@vang.kommune.no